



Eirik Valle  
Lurevegen 698  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3857 - 17/20679

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
07.07.2017

## Førehandsvarsel om pålegg om opprydning av båtvrak - Vallevik friluftsområde

Lindås kommune viser til tidlegare korrespondanse vedkomande båtvrak i Vallevik friluftsområde.

### Historikk:

Lindås kommune mottok melding frå Statens naturoppsyn den 10.11.2015 om to forliste båtar som låg fortøyd ved Vallevik friluftsområde. I e-posten går det fram av båtene har lagt der sidan vinteren 2014.

Lindås kommune sendte ut brev til deg 11.05.2016, der vi bad om tilbakemelding på om du var eigar av båtene.

I tilbakemelding frå deg 30.05.2016 vart det stadfestar, og det vart vist til at båt med kran var bestilt for å ta opp båtene.

Etter purring frå oss vart det stadfesta av deg i e-post 18.06.2016 at ein båt var tatt på land.

Ny synfaring på staden den 12.05.2017 viser at det fortsatt ligg ein båt i sjøen.



## Varsel om pålegg

Det følgjer av forureiningslova § 28 1.ledd at «*ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall<sup>2</sup> slik at det kan virke skjemmaende eller være til skade eller ulempe for miljøet.*»

Forsøplinga/lagringa av båten er i strid med forureiningslova § 28. Båten ligg nær badeplassen på Vallevik, og ligg innanfor Vollom naturreservat. Slik båten ligg no er det eit skjemmaende syn for dei som ferdast i området, både på land og sjø, og nedsett trivsel for brukarane av området. Vidare vil båten kunne medføre fare for personar som tar seg bort til båten.

Etter forureiningslova § 37 1.ledd kan kommunen «*gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall<sup>3</sup> i strid med § 28, skal fjerne det, rydde opp innan en viss frist, eller at han skal dekke rimelige utgifter som noen har hatt til fjerning eller opprydding.*»

Vi vil pålegge deg å rydde opp dersom vi ikkje **innan 31.08.2017** har fått ei skriftleg tilbakemelding frå deg med opplysningar om at båten er tatt på land og levert til godkjent avfallsmottak.

Vi gjer merksam på at dersom eit pålegg ikkje vert følgd opp, vil kommunen sørge for fjerning av båten på eigar si rekning, jf. forureiningslova § 74 1.ledd.

For å unngå pålegg må du:

- Fjerne og heve båten på land
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med foto til postmottak@lindas.kommune.no eller per post til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 5914 Isdalstø innan 31.08.2017 med opplysningar om at du har rydda opp
- Du må leggja ved ein kopi av kvitteringa for at båten er levert til eit godkjent avfallsmottak

### Rett til å gje uttale

Har du kommentarar til varselet, kan dei sendast til innan **to veker** etter at varselet er motteke, jf. forvaltningslova § 16.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakarar:  
Eirik Valle